

- No er eg sikker på at eg har valt rett

Eg bestemte meg tidleg for å ta utdanning innan helse og omsorg, fortel Ellen Oppedal på 19 år – som har gått Helse og omsorg på VG1 og Helsearbeidarfaget på VG2 i Sogndal. Eg likar å jobbe med menneske, der eg kan gje av meg sjølv. – Det gir ein utruleg mykje tilbake, smiler Ellen, som er andre års lærling i omsorgstenesta i Høyanger.

Eg har tidlegare hatt sommarjobbar på sjukeheimen heime i Eivindvik, så eg visste ein del om kva eg gjekk til. På spørsmål om kvifor ho ikkje gjekk studiespesialisering og satsa på sjukepleiarutdanning har Ellen eit klart svar. Eg var så lei av skule og teori då eg var ferdig med ungdomsskulen, at det hadde eg ikkje orka. 3 år med berre teoretiske fag freista ikkje meg.

Godt grunnlag for sjukepleiar

Då var det mykje betre å ta to år med praktiske fag og følge på med 2 års læretid. Eg får jo til og med løn under utdanninga, smiler 19 åringen fornøgd. No får eg testa ut faget, og eg står med eit fagbrev i handa etter fire kjekke og varierte år. Ho fortel at planen er heilt klar – eg skal ta eit år med påbygg når fagbrevet er i boks, og så vil eg ta sjukepleiarutdanning. Eg brukar litt lenger tid enn dei som tek strake vegen – men eg meiner at eg har eit mykje betre grunnlag for å bli sjukepleiar enn dei som kjem rett frå skulebenken. Eg har med meg ein god og variert praksis – og er endå meir sikker på at eg har valt rett.

“3 år med berre teoretiske fag freista ikkje meg.”

Variert læretid

Ellen har lærlingplassen sin i omsorgstenesta i Høyanger, noko som har gitt ho ein svært variert praksis. Eg starta med 8 månader på sjukeheimen, no er eg inne i ein 8 måneders periode i heimesjukepleien og i tillegg skal eg innoom PU tenesta og ha ein månad sjukehuspraksis. Den siste valfrie perioden har eg valt å vere på sjukeheimen – og det er der eg til slutt skal avlegge fagprøva som



Ellen Oppedal (19) merker at pasientane set pris på å ha både kvinner og menn som hjelper dei i kvardagen og anbefalar fleire gutar å teste ut omsorgsfag.

helsefagarbeidar. Ho har heile tida hatt to kontaktpersonar i kommunen, som har vore flinke til å følge ho opp. Er det noko spesielt eg har lyst til å vere med på så er det berre å spørje. Det er og betryggande å ha eit opplæringskontor i ryggen, som sikrar at eg får den praksisen og teorien eg har rett på.

Ikkje eit feminint yrke

Det er utruleg givande å jobbe med eldre, og det skal ofte så lite til for å glede folk. Ellen vil slå eit slag for at fleire gutar vel denne yrkesvegen. Eg er heilt sikker på at mange hadde likt dette veldig godt – og pasientane set veldig pris på at det er både kvinner og menn som hjelper dei i kvardagen. Ho vil anbefale gutane å teste ut faget. – Det er ikkje ein spesielt feminin jobb, presiserer ho.

Start med fagbrev

Eg vil anbefale folk å starte med ei yrkesutdanning og få fagbrev, før dei går vidare til høgare utdanning, er Ellen sitt klare råd. På den måten får ein erfaring og finn ut kva ein likar. Det viktigaste er å finne eit fag ein likar, og som helsearbeidar er du garantert sikra jobb. Eldrebølga kjem – og vi treng omsorgsarbeidarar – anten dei har fagbrev eller høgare utdanning. I dette yrket er det viktig å vere flink med folk og kunne lytte og vere medmenneskeleg. Vi må ikkje berre ha fokus på sjukdom, men kunne sjå heile mennesket, avsluttar ein reflektert lærling – som er sikker på at ho har valt rett hylle i livet.



Ellen trivast med å arbeide med menneske.